

ÅRSPLAN

FISTER BARNEHAGE



VISJON: DET BESTE FOR BARNET!

Respekt, omsorg og tryggleik

2021/2022

VELKOMMEN TIL EIT NYTT ÅR I FISTER BARNEHAGE!

Om oss:

Fister barnehage er eigd av Hjelmeland kommune.

Barnehagen har to avdelingar. Det er Marihøna som er for dei yngste, og Sommarfugl som er for dei eldste barna. Avdelingane held til i kvart sitt hus. Både inne og uteområda er store og romslege.


Barnehagen har flott natur rundt seg. Me har gangavstand til skog, fjell, vatn og sjø. Dette nyttar me oss ofte av.

Barnehagen vert driven i trå med barnehagelov, rammeplan og andre gjeldande lovar og forskrifter.



Barnehagane i Hjelmeland

Det beste for barnet



Illustrasjon: Judith Bergøy

FELLES VISJON:

«DET BESTE FOR BARNET»

Alle tilsette i alle barnehagane i Hjelmeland kommune har fokus på «det beste for barnet». Me ønskjer å gje barna gode og trygge opplevingar, ut i frå deira eigne føresetnadar og utvikling.

FELLES VERDIAR:

Vår visjon og våre verdier er barnehagane si rettesnor i det daglege arbeidet, både i forhold til det me seier, gjer og vektlegg i eit dagleg samspel med barna, foreldra og medarbeidarar.

Barnehagane sine felles verdier er «**Respekt, Omsorg og Tryggleik**» = **ROT**.

Me vil gje barna «røter»;

- gjere dei trygge på seg sjølv og i samspel med andre
- vere med å gje eit positivt grunnlag for danning og utvikling

RESPEKT: Ein skal lære å sjå både seg sjølv og andre som verdifulle menneske, og å vere tolerant. I respekt legg ein både sjølvrespekt, det å verdsetje seg sjølv, og å vise respekt for andre. Me skal respektere at me er ulike, og verdsetje det i ord og handling. Barn si medverknad er viktig. Kvant einskild barn skal bli tatt på alvor og verte lytta til.

OMSORG: Barna skal verte møtt med nærleik, kjærleik, varme og merksemd! Dei vaksne i barnehagen er trygge, tydelege og kompetente vaksne. Utvikling og ivaretaking av gode relasjonar er viktig, både mellom vaksen og barn, mellom barna og mellom dei vaksne.

TRYGGLEIK: Barnehagen skal vere ein god og trygg stad å vere! Barna skal verte trygge både på seg sjølv og i samspel med andre.

Gjennom desse felles verdiane «**Respekt, Omsorg og Tryggleik**» vil me sjå og møte kvart einskild barn der det er, for barnet sitt beste! I tillegg skal humor, glede, leikelyst, læring og engasjement fylle kvardagen i barnehagen. Dette vil vere av betydning både for barnet si sjølvkjensle, psykiske helse og for førebygging av mobbing. Tidleg innsats er viktig, og åra i barnehagen legg grunnlaget vidare! ☺



Ann-Cathrin Berge Kleppa,
Oppvekstrådgjevar

DEI SOM ARBEIDAR I FISTER BARNEHAGE ER:

Aud Valebjørg, pedagogisk leiar 100%

Møyfrid Helgøy Arnesen, pedagogisk leiar 50%

Bente Breivik, 100%

Vigdis Midttun Øvrehus, 100%

Natasha Kvame, 100%

Anne Espeland Halsne, pedagogisk leiar, 100%

Signe Schláwicke, 40%

Hilde Nummedal, 100% (permisjon)

Silje Lie, 60%

Vikarar: Hilde Bø og Emilie Fosse- Andersen

Styrar: Rannveig Ueland Terøy, 100%

MED GLEDE, VENNSKAP OG GODE OPPLEVINGAR GIR ME BARNNA GODE MINNER.



Me har fokus på:

BARNES SJØLVBILETE:

Dersom barna skal utvikle eit godt sjølvbilete, må menneske som har betydning for dei møte dei på ein positiv og akseptierende måte. Kvaliteten på samspelet i barnehagen er sentral for barnas moglegheit til å utvikle eit positivt sjølvbilete. Vi ynskjer å skape eit godt og harmonisk klima der barna får tru på seg sjølv, hjelper kvarandre og viser omsorg for kvarandre.

BARNES MEDVERKING er nedfelt gjennom FNs barnekonvensjon og i lov om barnehagar (§3). Ein kan forstå det som å gjera noko saman. Kvart barn har rett til å erfare at deira stemme blir tatt på alvor og har verknad i fellesskapet. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering.

SOSIALT SAMPEL mellom barna, og mellom barn og vaksne, gjennom leik og kvardagsaktivitetar blir i rammeplanen dratt fram som noko av det viktigaste i barnehagen. Leiken er eit viktig uttrykksmiddel for barn. Samtidig som det er morosamt å leike, lærar barna mykje gjennom leiken. Derfor er store delar av dagen via til leik.

INKLUDERING: Barnehagen skal fremja positive haldningar som motverkar avvising, mobbing og vald. Inkludering betyr at me må endre heilskapen, slik at alle finn plass. Miljøet må tilpasse seg barnet, ikkje motsatt.

SPRÅK: Me ynskjer å gje barna eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre. Me vil inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar.

NATUR OG BEVEGELSE:

Me er heldige på Fister som har så mykje variert natur i barnehagen sitt nærmiljø.

Dette må me nytta. Me går ofte på tur: korte turar og lange turar ,turar med mat ,turar utan mat, turar i sol ,turar i regn, turar på vegen, turar i skogen, turar på fjellet, turar til sjøen, turar til bekken osv.

På turane våre vil me gå, springa, hoppa, rulla, klatra, vassa, bada, eta skjeva, brenna bål, laga mat, plukka blomar, finna nøtter, telja konglar, plukka bær, spikka med kniv, fortelja, syngja, leika.....

For å få dette til er me avhengige av at alle barna har gode klær som passer for ver og årstid.

Alle må ha gode joggesko, støvlar og etter kvart vintersko. Dei må ha gode og passelege regnkledde og dressar, og det må vera klede som dei kan bevega seg i.

Det er og viktig at dei har skifteklede liggjande i barnehagen.

Eit overordna mål i rammeplanen er at barna skal utvikle ein **BASISKOMPETANSE**.

Basiskompetansen er den plattformen av kunnskap, haldningar og ferdighetar som barna skal ha med seg når dei byrjar på skulen.

BARNEHAGEMILJØ OG MOBBING:

Barnehagen skal fremma eit inkluderande og stimulerande miljø, kor alle barn skal oppleve å bli sett og kan delta i leik. Dei tilsette skal sørge for at barna har det trygt og godt når dei er i barnehagen. Alle tilsette har plikt til å følge med på korleis alle barna har det. Dei skal gripe inn viss barn vert utsett for krenkingar, jf. barnehagelova kap. 8 om psykososialt barnehagemiljø.

FOR Å FÅ TIL DETTE VIL ME:

- Skape eit miljø som er prega av omsorg og respekt kor glede, humor og spontanitet har ein naturleg plass i kvardagen.
- Vise at me bryr oss, og er glad for å vera saman med barnet ved å smila og le saman med det, ta barnet på fanget, trøyste det m.m.
- Lytte aktivt og ha augekontakt med barnet. Snakke med, ikkje til barnet.
- Delta i leik på barnet sine premisser. Vise at me har respekt for leiken ved å gje den tid og rom.
- Leite etter det som er positivt hos kvart enkelt barn og setja ord på det. Gjerne i andre sitt påhøyr.
- La barnet få føle glede og stoltheit over eigne uttrykk.
- Utdjupe og gje forklaringar, vise engasjement, følelsar og entusiasme når me opplever noko saman med barnet.
- La barnet sjølv få vera med å diskutera og bestemta korleis me skal ha det i barnehagen.
- Hjelp barnet til å setja ord på følelsar, slik at det lærer å kjenne igjen følelsar hos seg sjølv og andre. Eks. Nå såg eg at du blei lei deg.. Eg såg at Ole blei glad då du...
- Formidle at det er lov å vera sint, men det er ikkje lov å la det gå ut over andre. Hjelp barnet til å kontrollera seg sjølv ved å setja grenser på ein positiv måte.
- Gje barnet gode fellesopplevingar, eks. turar og fellessamlingar.
- Gje barna gode minner.

SUNN MAT OG GODE MÅLTID:

Barna får 3 måltid i løpet av ein barnehagedag. Det vert servert frukost, lunsj og eit lett måltid med brød/knekkebrød og frukt på ettermiddagen. Dei barna som skal ha frukost i barnehagen må vera på plass før klokka 8.15.

Me legg vekt på at barna skal få sunn og variert mat i barnehagen. Om lag ein dag i veka får dei middag/varm mat. Me vil at måltidet skal vera ei god oppleving der det er tid for prat, fellesskap og læring.

FØDSELSDAGAR:

Når barna har fødselsdag heng me ut flagget om morgonen. Barnet får vera med å lage si bursdagskrone med navn og klistermerke. Det er bursdagsssamling der barnet er midtpunkt, og det er litt ekstra frukt eller smoothie ved fruktmåltidet. Me har valgt å fokusere på barnet, og har valgt bort kaker o.l.

HYGIENE:

Alle med barn i barnehage har vel erfart at barna vert sjuke. Me legg vekt på hygiene i barnehagen. Barna vaskar hender når dei kjem om morgonen, etter toalettbesøk og etter at dei har vore ute og leika.

Har barna omgangssjuka skal dei skal vera heime 48 timar etterpå (2 dagar).

TRAFIKK:

Hjelmeland kommune er godkjend av Trygg trafikk som ein trafikksikker kommune, og me er ein trafikksikker barnehage.

Me vil læra barna grunnleggjande kunnskap om trafikk. Me vil snakke om sikring i bil, korleis gå langs vegen med og utan fortau, og korleis krysse vegen. Me vil og snakke om kor viktig det er å bruke refleks. Me kjem til å bruke opplegg frå Trygg trafikk. Håper de som foreldre og vil fylgje opp dette.

Trafikk vil og vera eit tema som blir tatt opp på foreldremøter.

OVERGANG BARNEHAGE-SKULE:

Barnehagen og skulen arbeider saman for å gjera overgangen frå å vera barnehagebarn til å verta skulebarn god for barna. Barna får besøk av fadrane sine i barnehagen og besøker dei på skulen. Fadrane er elevar i 5 klasse som har eit ekstra ansvar for sitt/sine fadderbarn. Barna "skriv seg inn" på skulen, og dei får og eit par dagar med mjuk skulestart på våren.



Barnehagen har 5-årsgruppe med ulike aktivitetar (trolleklubben). Før dei sluttar har dei ein tur med overnatting. Dei siste åra har dei gått til Trodla-Tysdal.

Hjelmeland kommune har ein plan for overgang barnehage/skule som er felles for alle einingane i kommunen. Denne planen finn de på heimesida til Hjelmeland kommune.

FORVENTNINGAR ME HAR TIL DYKK FORELDRE:

- At de gir beskjed hvis andre enn mor og/eller far skal henta barnet i barnehagen
- At de gir beskjed til barnehagen om barnet er sjukt eller av andre grunnar ikkje kjem i barnehagen.
- At barnet vert levert i barnehagen innan klokka 9.00.
- At barnet har med seg det det treng av klede og utstyr til å vera ein dag i barnehagen, eks. uteklær, klesskift, bleier..
- At de respekterar åpningstidene, som og er arbeidstida til personalet.
- At de kjem med tilbakemeldingar, både positive og negative.
- At de informerar barnehagen hvis det har skjedd ting heime som vil påverka barnet i barnehagen.
- At de les orienteringar og lappar som blir sendt heim og / eller heng i barnehagen.
- At de fylgjer med på det som blir lagt ut på IST.

DOKUMENTASJON / VURDERING:

Me nyttar bilete som dokumentasjon. Me tek ein del bilete i barnehagen. Me legg nokre av desse bileta inn på IST direkte. Der vil du få eit innblikk i kva me driv med. Der vil det og liggja ute skriftleg informasjon, som årsplan, månadsbrev og andre beskjedar.

Barnehagen har og ei facebook-gruppe: Foreldregruppe Fister Barnehage

Me er så heldige at me har dagleg kontakt med dei aller fleste foreldra, og har høve til å fortelja litt om korleis dagen har vore.

Me har foreldremøter og foreldresamtalar.

I samband med ulike prosjekt me har i barnehagen vil me henge opp teikningar, maleri, ting barna har laga, tekstar og forteljingar me har skrive saman med barna. Dette er og ein dokumentasjon på kva me driv på med.

Personalet evaluerar arbeidet sitt kontinuerleg. Me har avdelingsmøter og personalmøter der me legg planar og evaluerar arbeidet vårt.

For at dette skal fungere best mogleg treng me tilbakemeldingar frå brukarane våre som i dette tilfellet er barn og foreldre.

ANNAN INFORMASJON:

Løyveskjema og helseskjema: Desse finn de på kommunen si heimeside. Skal fyllast ut elektronisk.

Oppseiing /endring av barnehageplass: Hugs at det er 3 månadar oppseiingstid. Endringar gjer de ved å nytte elektronisk søknadsskjema som de finn på kommunen si heimeside..

Plandagar: Barnehagen har 5 plandagar i løpet av året. Då er barnehagen stengt. Plandagane for 2021/202 er: 16, 17 og 18 august, 3 januar og 27 mai.

Ferie: Barna skal ha minimum 4 veker ferie i løpet av året, 3 av desse skal vera samanhengande sommarferie.

Ved å gå inn på **Heimesida til Hjelmeland kommune**, og vidare inn på Barnehage vil de finne informasjon om betaling/ prisar, endring/oppseiing av plass, skjema som skal fyllast ut og lovar og planar som gjeld.

SAMARBEIDSPARTNARAR:

- PPT – kontoret for Ryfylke
- Helsesøster.
- Fysioterapeut.
- Barnevernstenesta.
- Andre barnehagar.
- Fister skule
- SLT og folkehelsekoordinator

TELEFONNUMMER TIL BARNEHAGEN:

Styrar/kontor: 40439220

Sommarfugl: 40439221

Marihøna: 40439224

Mail: rannveig.ueland.teroy@hjemland.kommune.no